

RAPPORT

M-2370 | 2022

Årsrapport for 2022 frå SNO til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre





20.mai var ei av markeringane for 30-årsjubileet for Jostedalsbreen nasjonalpark. Her ved Bergset i Jostedalen var òg ein av dei opningane av nasjonalparken våren 1992



Statsekretær for KLD, Aleksander Øren Heen, fekk òg høve til å vere med på ein bretur i samband med markeringa av jubileet til nasjonalparken

Framsidafoto: Erdalsbreen, 8.august Alle foto i rapporten er teken av Anne Rudsengen om ikkje anna er oppgitt

SNO-lokalt: Anne Rudsengen + bistand frå andre SNO-are, i hovudsak Rune Holen.

Innhold

Innleiring	3
1. Kjerneoppgåver: kontroll, tilsyn og informasjon	4
1.1 Kontroll og tilsyn.....	5
1.1.1 Aktivitet og resultat	5
1.1.2 Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging.....	6
1.2 Formidling og informasjon.....	6
1.2.1 Aktivitet og resultat	6
1.2.2 Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging.....	7
2. Forvaltningsoppgåver.....	7
2.1 Kartlegging, registrering og overvaking	8
2.1.1 Aktivitetar og resultat.....	8
2.1.2 Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging.....	9
2.2 Informasjonsskiltning	9
2.2.1 Aktivitet og resultat	9
2.2.2 Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging	10
2.3 Utbetring og vedlikehald av stiar og bruer	11
2.3.1 Aktivitet og resultat	11
2.3.2 Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging.....	14
2.4 Kulturlandskapstiltak og utsiktsrydding	15
2.4.1 Aktivitet og resultat	15
2.4.2 Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging.....	16
2.5 Ferdselstilting	16
2.5.1 Aktivitet og resultat	16
2.5.2 Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging.....	19
3. Vedlegg	20

Innleiing

Dette er den 12. årsrapporten frå Statens naturoppsyn til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. Den er bygd opp etter same mal som tidlegare med ei oppsummering av det arbeidet SNO har utført eller vore med på i 2022 i og ved nasjonalparken. For dei ulike tema er det sagt noko om aktiviteten som er utført og om utviklingstrekk og tilrådingar vidare slik SNO ser det.

I fjor vart 30-års jubileet for nasjonalparken markert på alle tre besøkssentra og vi fekk besøk av statsekretær i KLD Aleksander Øren Heen. Samstundes var det 30-årsmarkering for Norsk Bremuseum med besøk av Dronning Sonja.

2022 var det første året etter to "koronaår", men med omsyn til besøkande, så var ikkje talet så høgt som i 2019. Den store skilnaden såg ein i dei områda som tradisjonelt har mykje besøk av asiatiske turistar. Denne turistgruppa var ikkje tilbake i same mon som før pandemien, og tal cruiseturistar har også vore lågare. I tillegg har det vore færre norske besøkande enn både i 2019 og dei to pandemiåra. Dette skuldast truleg både at ein del nordmenn valde å feriere i utlandet, men òg fordi det var ein gråvårsrik sommar på Vestlandet.

Det har også i 2022 vore stor aktivitet med mange større og mindre utbetrinigar og vedlikehald av stiar. Noko av stiarbeidet skuldast øydeleggingar med snø- og steinskred og flaum, medan slitasje over tid og trong for kanalisering gir òg grunnlag for utbetrinigar. Snøskred på nye stader og til andre tider enn tidlegare minner oss om endringar i klima og at vi held til nær ein stor bre. Spesielt det store snøskredet som kom 10.juni og stengte vegen inn til utsiktspunktet i Kjenndalen var ei kraftfull hending til ettertanke. Heldigvis gjekk inga liv tapt.




Styreleiar Ivar Kvalen klypper snora, medan nestleiar Kari Synnøve Muri og grunneigarrepr. Jan Ove Hogrenning held snora. Markering av oppgradering av utsiktspunkt i Kjenndalen, 9.september. Foto: Mathilde Dahl Igland, Fjordingen

1. Kjerneoppgåver: kontroll, tilsyn og informasjon

Statens naturoppsyn (SNO) er Miljødirektoratets operative feltorgan, og Miljødirektoratet er eit statleg forvaltarorgan under Klima- og miljødepartementet. SNO si hovudoppgåve er å ta vare på nasjonale miljøverdiar og førebygge miljøkriminalitet. Oppgåvene spenn frå kontroll, overvaking og informasjon til skjøtsel og tilrettelegging i verneområda. SNO har òg mange oppgåver knytt til artar som villrein, laks og fjellrev samt registrering, dokumentasjon og felling av store rovdyr

Leiinga i SNO sit i Trondheim, og det er i underkant av 100 fast tilsette på lokalkontor spreidd over heile landet

Det er for 2022 (til og med oktober) ført 117 dagsverk i felt for Jostedalsbreen nasjonalpark. Dette gjeld arbeid på ordinært oppsyn/tilsyn, registreringsarbeid og diverse tiltak og oppfølging av tiltak i nasjonalparken. Bestandskartlegginga (jervesporing og uttak) som har føregått i nasjonalparken er også rekna inn. Anne Rudsengen har utført det meste av SNO-arbeidet i nasjonalparken, men i år har Rune Holen brukt meir tid enn tidlegare i nasjonalparken, m.a. på stiftakt. I tillegg nokre dagsverk frå andre kollegaer.



Figur 1 Fordeling på ulike arbeidsoppgåver i felt for SNO-Jostedalsbreen (Anne Rudsengen) for 2022 (fram til november)

SNO utfører tilsyn i nasjonalparken med kontroll av at verneforskrifta og dei løyva nasjonalparkstyret gir blir følgt opp. Viss styret ynskjer større fokus i nokre geografiske område eller for nokre fagområde, så kan det presiserast gjennom skjemaet "Innspel om ønska SNO-ressurs i verneområdet". Dette skjemaet er delt i tema:

- Tilrettelegging
- Skjøtsel
- Bevaringsmål
- Tilsyn/Kontroll

I resten av årsrapporten er fjarårets "bestillingar"/ønske om SNO-ressurs omtalt.

1.1 Kontroll og tilsyn

1.1.1 Aktivitet og resultat

SNO følgjer opp verneforskrifta og dei løyva og dispensasjonane som blir gitt av nasjonalparkstyret så langt det er mogleg. Alle vedtaka som blir fatta legg forvaltarane inn i Miljøvedtaksregisteret som er eit ope register. I 2022 (til og med oktober) var det også i år lagt inn 20 vedtak frå Jostedalsbreen nasjonalpark i dette registeret. I nokre vedtak er det fleire saker. Av desse vedtaka var det 13 motorferdselsløyver. Det var også ein del vedtak med fleire saker og både motorferdselløyve og t.d. restaureringsløyve. Sakene gjeld både ordinære og delegerte vedtak. Ein del av løyva gjeld for fleire år, og nokre få saker var utvida tidsfrist.

SNO har følgt opp dei vedtaka som er mogleg å følgje opp fysisk i felt; som er mogleg å kontrollere i ettertid. Til dette bruker vi ein feltapp. Det var ingen avvik på desse kontrollane.

SNO har ikkje meldt nokon for brot på verneforskrifta i 2022. SNO har kome over eitt jakttårn til (i tillegg til det som vart oppdaga i 2021), men dette var sopass øydelagt og soleis å sjå på som avfall. Det vart delt opp og bore ut av nasjonalparken. Vidare har SNO har gitt munnleg tilbakemelding der det var frakta inn ei trillebår med jord og planter. Sjølv om plantene kanskje ville spreie seg, og alt var i ei trillebår, så er faren til stades ved å frakte inn jord, frø og planter frå andre stader. SNO har også registrert at det har kome opp ei parabol-antenne på ein stølsbygning. SNO har ikkje høve til å be om retting, altså fjerne reversible tiltak, men Miljødirektoratet kan gjeovertredesesgebyr. Dette er ei ordning som nyleg er teken i bruk i Naturmangfaldlova (som verneforskriftene sorterer under). Ei "overtredelsesgebyrgruppe" i Miljødirektoratet, m.a. med juridisk kompetanse, har førebels alle sakene i landet til vurdering.



Restar av jaktårn i nasjonalparken



Det er ikkje lov å frakte inn jord og planter i nasjonalparken

1.1.2 Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging

SNO sitt inntrykk er at verneforskrifta i all hovudsak blir halden i nasjonalparken. I nokre av stølsområda har SNO registrert endringar som ikkje ligg i løyve eller i verneforskrifta, eller heilt i grenseland. Dette kan også vere mindre tiltak som er mellombels. SNO rapporterer fortløpane til nasjonalparkforvaltninga og det kan framover bli aktuelt å nytte miljøgebyr når denne ordninga blir heilt etablert. Nasjonalparkstyret kan pålegge retting, altså be om at tiltaket blir fjerna eller endra. Gjennom utarbeidning av ein oppdatert forvaltningsplan for nasjonalparken, bør ein i lag med eigarane og andre brukarar av områda, kome fram til nokre retningsliner for stølsmiljøa.

1.2 Formidling og informasjon

1.2.1 Aktivitet og resultat

Formidling om vernet, naturen og kulturhistoria er ein viktig del av arbeidet til SNO i møte med publikum i felt. Vi trur vi synast godt med SNO-logo på klede, men vi opplever ofte at publikum ikkje med ein gong ser at vi er på jobb når vi slår av ein prat på stien. Viss i held på med eit praktisk arbeid, t.d. vøling av ein sti, så tek folk oftare kontakt. Også viss vi i nokre tilfelle brukar refleksvest med SNO-logo på.

Statistikken i Feltdagboka til SNO-Jostedalsbreen viser at i alt 519 personar har blitt "informert", det vil seie at SNO har snakka om nasjonalparken eller liknande gjennom tilfeldig møte ute på oppsynsturar. SNO freistar å halde kontakt med reiselivsaktørar, frivillige lag og organisasjonar, bønder, grunneigarar og andre aktørarar i og ved nasjonalparken. Slik får ein kjennskap til ny informasjon, ønsker, utfordringar og

eventuelle konfliktar. Dei tre besøkssentera er naturlege stader å stikke innom for informasjonsflyt gjennom sommarsesongen.

SNO etterser at alle grenseskilta er på plass og skifter ut viss dei er øydelagde eller i nokre tilfelle blir stjåle.



Styrerepresentant Vibeke Johnsen var med SNO på oppsett av grenseskilt ved Tverrdalskyrkja i Sogndalsdalen

1.2.2 Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging

SNO opplever at det er stor interesse for meir informasjon om nasjonalparken og spesielt kring tema bre og klima blant folk vi møter i nasjonalparken. Med utrulling av besøksplanen vil det kome på plass informasjonstavler ved mange innfallsportar noko som SNO trur vil bli lese og godt motteke. Spesielt ved dei innfallsportane der ein parkerer, går ut av ein buss eller stopper for å sjå på breen eller anna utsikt, så bruker folk litt tid. Då vil ei informasjonstavle vere naturleg å lese på.

Ved utsynspunktet mot breen/bretunga i Nigardsbreen naturreservat har ein sidan 2018 hatt vertskap gjennom den mest besøkte delen av sommaren. Dette er eit veldig positivt tiltak der vertane får formidla mykje aktuelt om breen og naturen i tillegg til å åtvare mot farane ved brefronten. Ved nokre av dei mest besøkte områda i nasjonalparken og i den mest besøkte tida om sommaren, ville ein informasjonsvert kunne fått formidla mykje om t.d. bre og klima. Aktuelle stader kunne vere ved Briksdalsbreen, Kjenndalsbreen, Bøyabreen og Supphellebreen.

2. Forvaltningsoppgåver

I tillegg til dei lovbestemte oppsynsoppgåvene får SNO årleg bestillingsoppgåver frå fleire forvaltningsnivå knytt til dei miljølovverka vi har oppsynsansvar for. Det vil seie frå statleg hald (Klima- og miljødepartementet (KLD), Miljødirektoratet), regionalt (Statsforvaltaren, fylkeskommunar, Nasjonalpark- og verneområdestyre) og lokalt nivå (kommuniar).

Nasjonalparkstyret kjem kvart år med oppgåver til SNO i nasjonalparken: "Innspel om ønsket SNO-ressursar", sjå oversikta i vedlegget. Årsrapporten gir ei tilbakemelding på dei fleste av oppgåvene.

2.1 Kartlegging, registrering og overvaking

2.1.1 Aktivitetar og resultat

Det har også i 2022 vore utført ein del kartlegging, forskingsprosjekt og studentoppgåver i og ved nasjonalparken, men ikkje så mykje som i 2021. På oppdrag av nasjonalparkstyret er det starta opp og ferdigstilt fleire mindre planar for innfallsportar til nasjonalparken. SNO har bidrige med historisk- og oppdatert informasjon.

Nasjonalparkforvaltninga og SNO starta i fjor å bruke det nye fagsystemet for å måle naturendringar ved oppstarta tiltak: Ei effektmåling som vert kalla bevaringsmål. Dette gjeld førebels for to type tiltak i vår nasjonalpark: 1) Omlegging av sti for å sjå om, og ev. kor raskt ein sti får vegetasjon og 2) Effekten av fjerning av gran: kor raskt og kor mykje gran som gror opp igjen. Ettersom dette er sopass nytt, så er det inga endringar etter eitt år.

Vinterstid følger SNO opp med bestandskartlegging for jerv, det vil seie jervesporing med mål om å finne jervemøkk som kan sendast inn til DNA-analyse. I tillegg får ofte SNO oppdrag med ekstraordinært uttak av jerv. Vinteren 2022 var det enno meir spor og aktivitet å sjå frå jerv i og kring nasjonalparken, og då spesielt i Luster, enn vinteren 2021. Overraskande nok så visast ikkje dette att i beitesesongen, då det nesten ikkje er funne saukadaver i dette eller nærliggande område. Vinteren 2022 var det ekstraordinært uttak av jerv i nasjonalparken, i Tunsbergdalsføret, der ei tispe og tre nyfødde jerveungar vart avliva. Det vart også avliva ein hannjerv gjennom ekstraordinært uttak i fjella i nedre del av Jostedalen.



På leit etter DNA frå jervemøkk ved Fåbergstølen



Ein hanjerv drap ei hjortekolle i Langedalen på Veitastrand i vinter og grov ned byttet. Det vart sett opp viltkamera og her ser vi jerven attmed hjortekadaveret etande på eit ein

2.1.2 Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging

Bevaringsmål (effektmåling) vil vere aktuelt med dei restaurerings- og skjøtselstiltak som kjem med den nye skjøtselsplanen for stølsdalane i Stryn. Det er utarbeid bevaringsmål for ulike naturtypar i kulturlandskapet i andre verneområde i landet, m.a. i Mørkridsdalen i Luster. SNO kan bistå forvaltninga med å opprette desse og vil registrere desse i NatStat i åra som kjem.

Jostedalsbreen nasjonalpark har mange geologiske verneverdiar og ei kartlegging av kor mange truga landformar som finst her hadde vore nytting for vidare forvaltning og oppsyn. På den norske lista er 28 landformar vurdert som truga (Rødliste for naturtypar) og fleire av desse er truleg i nasjonalparken.

2.2 Informasjonsskilting

2.2.1 Aktivitet og resultat

Det er ikkje sett opp informasjonsskilt i nasjonalparken i år, men det er gjort ein del førebuande arbeid. Nasjonalparkforvaltninga har bestilt cortenståltauer og SNO har fotografert og dokumentert konkret plassering ved ein del innfallsportar. SNO har også gjennom sommaren erfaring med oppsett av skråstilte cortenståltauvler med informasjonsskilt på som er plassert opp ved fleire naturreservat i Sogn og Fjordane. Mykje av denne erfaringa kan vi ta med oss til neste år når det blir oppsetting ved nokre av dei 45 innfallsportane til nasjonalparken!

Det er kjøpt inn nye "brefare"-skilt med nytt pictogram og ny form. Desse vart kjøpt inn saman med Luster kommune som har forvaltninga av Nigardsbreen naturreservat og der dei fleste fareskilta vart skifta tidleg i sommar. Erfaringa frå sommaren er at desse skilta alt har fått skader og at folien delvis alt er flaka av. Det vart difor ikkje skifta fareskilt kring nasjonalparken i år.



Ny (øvst) og eksisterande steinsprangskilt som vert nytta ved brefrontar med mykje besök og mykje laus Stein.



Døme på skråstilte cortenståltafel etter designmanualen. (Denne informasjonen står ved Rodeholane naturreservat i Sogndal).

2.2.2 Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging

Med godkjent besøksstrategi og bestilte tavler ligg det godt til rette for å få sett opp informasjon ved nokre innfallsportar neste år. SNO kan bidra med tekst og bilde og bistand i felt ved oppsetting av informasjonstavlene.

Etter kvart som det kjem nye informasjonstavlar, bør dei gamle blå designskilta takast ned. Til det treng ein traktor/gravemaskin.

Informasjonsmerkinga ved mykje brukte brearmar bør halde fram. I designmanualen (merkevaren) knytt til verneområde er det laga eigne informasjonsskilt i tillegg til dei

gule og svarte fareskilta som liknar på dei vi bruker i dag. Slike informasjonsskilt kan vere aktuelle å bruke ved nokre av brearmane.

2.3 Utbetring og vedlikehald av stiar og bruer

2.3.1 Aktivitet og resultat

Nasjonalparkstyret og SNO har i mange år bidrøge med større og mindre oppgraderingar og kanalisering på stiar i og inntil nasjonalparken, og SNO får kvart år i oppdrag å følgje opp desse med tilsyn tidleg i sesongen. Gjennom vanleg oppsyn oppdagar også SNO stiar som treng vedlikehald og kanalisering. Gjennom tiltaksmidla har fleire ulike aktørar utført sti-arbeid og SNO har følgt opp før, undervegs og ved sluttføring. Dette året la også SNO ned fleire dagsverk på reparasjon og vedlikehald av nokre stirrasear. I tillegg til dette har også SNO bistått tenesteytarar i felt som har fått oppdrag om å lage plan for stitiltak og for informasjonspunkt ved stistart.

I år vart stien til Skåla vart utbetra på nokre strekningar med hjelp av midlar frå "Nasjonal Turiststi". På ca. 900 moh var stien erodert frå snøsmelting og mykje regn.



Døme på utbetring av stien til Skåla for å hindre vidare erosjon. Det er steinsett ei grøft og det er laga fleire steinbygde stikkrenner. I sti-kroppen er det påfyll av grus (knust masse)

På stien/vegen frå parkeringsplassen ved Bødalssæter og vidare innover mot Bødalsbreen har det opp gjennom åra vore utført ein god del reparasjon og vedlikehald fordi elva har flauma over og teke deler av vegen og på grunn av stor slitasje i vått terreng. I år vart det gjort eit utbettingsarbeid frå SNO saman med innkjøpte tenester og grunneigar. På strekninga fram til sætra vart rund elvegrus fjerna og erstatta med knust masse og vidare innover mot breen er det reparert og lagd nokre nye steinsette stikkrenner. Den største utbettinga vart gjort på nedre del av stien mot Lodalskåpa, i Fessene. Her vart lokal stein lagt godt til rette i eksisterande stiløp og vatn kanalisert vekk frå stien.



Nedre del av stien mot Lodalskåpa frå Bødalssæter, ved Fessene. Stien før utbetring. Foto: Rune Holen



Etter utbetring der det berre er nytta Stein låg i og ved stien. Foto: Rune Holen

Siste del av Keisar Wilhelm-stien som går mot Briksdalsbreen vart ferdigstilt i år, og er mykje nytta og har fått gode tilbakemeldingar.



Mest mogleg av den opprinnelige steinmuren vart nytta ved utbetring av Keisar Wilhelmstien

I Kjenndalen utførte SNO ein god del av sluttføringa på utsiktpunktet mot breen. Her vart dei enkle benkane trilla inn og montert. No kan ein sette seg ned å sjå på utsikta!

På stien opp til Flatsteinbu, frå Kvame i Oldedalen, har arbeidet med utbetring starta opp no mot slutten av året. I nedre del av stien er det frå gammalt av mura opp med stein for å kome enklare opp nokre bratte klyv. Dette gamle steinarbeidet blir no restaurert.

På stien mot Haugabreen i Stardalen har det vore utført litt reparasjon av stien. Spesielt gjeld dette kryssing av øvste morena før ein kjem inn på svaberget mot breen. Her har det i nokre få år vore ei enkel bru, men ettersom tilkomsten til bruha har vore bratt, så har turgårarane valt å krysse over elva før bruha.

Ved Bøyabreen er det utført eit godt arbeid over våte og gjørmete strekningar på rundturstien om Andersbenken. Det meste av klopplegginga vart gjort i fjor, men også noko i år. I tillegg er dei verste strekningane på stigningane utbetra ved hjelp av trinn bygd av stadeigne tre.



Ein enkel måte å vinne høgde. Her er det brukt tre frå nærleiken til stien: ved Bøyabreen



Klopplegging ved starten på stien ved Bøyabreen

Stien til Flatbrehytta er sterkt utsett for både snøskred og graving frå elva. Vinteren 2021 gjekk det eit snøskred som tok med seg og øydela bruha over Tverrdøla. Gjennom sommaren var det likevel mogleg å krysse over og det er også ein sti til mot Flatbrehytta. I år vart det laga ny bru og den stod klar i oktober og vart floge opp og lagt på plass. To veker seinare kom det truleg ei stor vassdemme og tok meg seg den nye bruha og grov av stien lengre nede. Det er no ikkje mogleg å kome seg opp til Flatbrehytta utan å klyve over og under legdeskog.

På stien til Haugafjellstolen i Jostedalen er det gjort tilretteleggingstiltak på nokre punkt der det var vanskeleg å gå. På eit punkt er også stien lagt om over ein kortare strekning.

2.3.2 Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging

I eit bratt brelandskap som Jostedalsbreen nasjonalpark har det alltid vore mykje snøskred, flaum og endringar av elvefar. Men inntrykket er at det dei siste åra har vore meir av denne aktiviteten og på mange andre stader og til andre tider enn det som var vanleg tidlegare. Viss ein ynskjer turgårar velkommen inn i nasjonalparken og viss ein ynskjer beitedyr i området ser det ut til at ein må halde fram med vedlikehald og reparasjonar av stiar og bruer i framtida.

Ved årleg vedlikehald av stiane kan ein sleppe unna noko av det større vedlikehaldsarbeidet. Før i tida var beitebrukarar og turgårar flinkare til dette, som til dømes å halde stikkrenner fri for grus og lauv før vinteren kjem. Det er viktig å få til ei ansvar for vedlikehald av stiane i nasjonalparken ettersom forvaltning og SNO ikkje har driftsmidlar til knytt til stivedlikehald.

Med flaumen i Supphelledalen i november i år vart nokre 10-tals meter med stien til Flatbrehytta vaska vekk og stien forsvinn no ut på ein laus og bratt kant mange meter rett ned i elva. Her er det trong for omlegging, og det vil då bli på ein lengre strekning for å kome inn att på stien lengre oppe. Lengre ned i stien, enn det utrasa punktet, har også elvekanten rasa meir ut og viss det held fram må ein truleg tenke heilt nytt med eit nytt startpunkt for stien frå dalbotnen. Det bør også kome på plass ny bru over Tverrdøla.



Flaumen i Tverrdøla i Supphelledalen 12. november reiv med seg delar av stien til Flatbrehytta. Her frå ca. 300 moh.

På første del av bresanden, før første morena framføre Briksdalsbreen, står det i deler av sommarsesongen sopass mykje vatn at dei besökande slit med å kome fram til utsiktspunktet. Ei klopplegging her vil, i tillegg til å hjelpe folk fram mot utsiktspunktet, også kanalisere ferdsla noko vekk frå den brattaste morenesida.

SNO følger opp med årleg oppsyn i mange av dei stiane i og inntil nasjonalparken. SNO kan også bistå med praktiske råd både før og underveis i sti-arbeidet, samt

sluttsynfaring. Noko mindre vedlikehald kan gjerast undervegs, eller med kraftsamling på eit avgrensa område.

2.4 Kulturlandskapstiltak og utsiktsrydding

2.4.1 Aktivitet og resultat

5. desember 2022 var "slepp-dagen" for dei tre skjøtselsplanane for Sunndalen, Erdalen og Bødalen. Planane, som er skriven av NIBIO, har vore gjennom ein lang prosess der grunneigarar, beitebrukarar og andre aktørar knytt til desse stølsdalane har bidrige undervegs.

Alt i fjar vart nokre av dei mindre tiltaka i planen sett opp for gjennomføring i år. Det var:

- Opne opp område ved Huldefossen ved Bødalssæter slik at folk på tur og storfe har større område å passere kvarandre på i nærleiken av elva/fossen. Dette kom som eit tiltak etter ei hending der ei kvige vart funnen daud i elva og ein turist meinte han var angripen av storfe. Hogging av skog i området er utført av SNO.
- Rydde skog i ytterkant av beiteflata i Erdalen der ein har god utsikt mot setra. Dette vart ikkje sett i verk i år, då grunneigarane ikkje hadde tid.
- Oppsetting av mellombels gjerde ved Erdalssætra for å unngå at beitedyra går heim i staden for å beite innover i nasjonalparken. Det har vore synfaring og utstyr til gjerding er kjøpt inn.
- Utlegging av klopper over våte parti på stien litt innafor Erdalsætra. Her har folk starta å lage nye stiar for å unngå dei våte partia. Utlegging av klopper vil styre ferdsela og skåne beitet. Materiale er kjøpt inn for utlegging neste år.



Eitt av punkta som er viktig å utbetre for å få storfe inn i beiteområdet i Erdalen

2022 heldt ein fram arbeidet med å rydde utsikt mot Bøyabreen. I fjar vart dette gjort både manuelt med motorsag og med krattknusar. I år vert det berre nytta motorsag og både stokk, kvist og greinar vert frakta ut av området. I tillegg har ein latt enkel-tre stå att, og dei trea som er sagt ned er stubbebehandla. Stubbebehandling vart også gjort for

ca. 10 år sidan i området og det har gitt god effekt. Heile dette området ligg utanfor grensa til nasjonalparken.



Ved utsiktspunktet mot Supphellebreen vart det rydda tre og kratt i 2020 og i 2021 var det geit på beite

2.4.2 Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging

Skjøtselsplanen for Strynedalane vil vere eit godt dokument for mange gode tiltak for å ta vare på ulike naturtypar knytt til kulturlandskapet. Her kan det bli gjort mykje godt arbeid i framtida med pengar og interesse for arbeidet! SNO vil bistå så langt det er mogleg og ønskeleg.

I 2020 vart det rydda skog og kratt ved utsiktspunktet mot Supphellebreen og i fjor (2021) var det geit som beita i dette området. I år har det ikkje vore beiting i området og høgstaudeplantar som tyrehjelm, samt bregner og oppskot av gråor veks opp. Det bør vurderast å halde fram med beiting i området, eller bruke ryddesag for å halde vegetasjon og oppskot av gråor nede.

Utsikt mot breen og brelandskapet er det mange som kjem til nasjonalparken for å oppleve, og noko som også reiselivet reklamerer med. Når brearmane trekk seg tilbake og vegetasjonen følgjer på, vil landskapet stadig endre seg ved mange innfallssportar. Kvar det skal ryddast for tre og kratt og kor mykje som skal ryddast og korleis dette skal følgjast opp vil truleg bli ei stadig større utfordring i åra som kjem.

2.5 Ferdselsteljing

2.5.1 Aktivitet og resultat

Gjennom sommarsesongen 2022 var det ferdselsteljarar langs stien til Kamperhamrane i Sunndalen, mot Skålåtarnet, inn mot Kjenndalsbreen, opp mot Lundeskaret og inn mot Bergsetbreen. I tillegg var det teljarar i Nigardsbreen naturreservat. Alle teljarane fungerte og ved gjennomgang av tala så ser dei rette ut med nokre få bugs/feilregistreringar.


Ferdselsteljarane har ein pyroelektronisk sensor, det vil seie at den reagerer på den varmen som ein person, eller dyr, stråler ut når hen passerer. Nokre få gongar vil sensoren kunne registrere feil retning, og registreringa blir då lagt som "inn-registrering".

STIEN MOT KAMPERHAMRANE

Sør-aust for Sunndalssætra delar stien seg mot Sygneskaret og mot Kamperhamrane og vidare til Rauddalen i Skjåk og Breheimen nasjonalpark. Den historiske ferdslivegen over Kamperhamrane vart skånsamt utbetra for kring 10 år sidan og vart så peikt ut som "Historisk ferdelsveg" av Riksantikvaren og DNT. På Skjåk-sida går stien inn i trekkområde og trekkveg for Breheim-villreinen, og det er soleis interessant å vite kor mange fotturistar som bruker stien. På Breheimen-Skjåk-sida var det teljar ved stien i dalføret ved Ytste Leirvatnet og på Jostedalsbreen-Stryne-sida stod teljaren plassert på stien mot Kamperhamrane.



Plassering av ferdselsteljar slik at dei som passerer på stien ikkje ser han. Foto: Tor Arne Hauge



Truleg få som legg merke til at det passerer ein ferdselsteljar her

I dei fem månadene som teljaren var på plass, frå 20.juni til 24.oktober passerte i alt 338 personar og av desse gjekk 183 i retning Kamperhamrane og 155 på veg ned (tilbake). Ferdelsregisteringane viser at det var mest turgårar i helgene. Ferdselstala frå Skjåksida har ein del bugs, men det kan sjå ut som om mange av dei som passerte teljaren på Stryne-sida ikkje gjekk over til Skjåk.

STIEN MOT SKÅLATÅRNET

Langs stien til Skålataånet stod teljaren på same stad som i 2021. Den stod i 2022 ute i perioden 24.juni til 25.oktober, noko som er ei veke kortare enn i 2021 (to veker kortare på forsommaren, men ei veke lenger på seinhausten). I denne perioden var det i alt 13520 passeringar på teljaren (begge vegar). Det er nesten halvparten av tal passeringar i 2021.


STIEN MOT UTSIKTPUNKTET I KJENNDALEN

På den korte og universelt utforma stien inn til Kjenndalsbreen var det også ferdselstellingar i 2019, i perioden 28.juni til 7.november. I denne perioden vart det registrert 60794 passeringar, altså kring 30 400 personar. I år stod teljaren ute i 6 månader, frå 29.april til 24.oktober. Det er nesten heile perioden som vegen er ope inn til Kjenndalsstova og Kjenndalen. Ettersom det fleire dagar i veka gjennom sommaren kjem fleire bussar med turistar samstundes, så klarer ikkje teljarsystemet å telje alle ettersom ein går i ein straum fram og tilbake der teljaren står. Til saman har teljaren 70018 registreringar – begge vegar. Det vil seie at kring 35000 har besøkt Kjenndalen i denne sesongen.

Ferdselstelling mot Kjenndalsbreen		
Juli, august og september 2019	57 781	Om lag 28 900 besøk
Juli, august og september 2022	46 325	Om lag 23 200 besøk



Når fleire turistbussar kjem samstundes er det ein straum av besøkande inn og ut av nasjonalparken mot utsiktspunktet i Kjenndalen



Grafen viser tydeleg at det ikkje var noko besøk ei dryg veke etter raset og fram til vegen opna att

STIEN TIL LUNDESKARET

Stien opp til Lundeskaret startar ved nordsida av Fjærlandstunnelen og ferdselsteljaren stod nokre 100 meter opp langs stien. Den stod i perioden 26. mai til 3. november, med til saman 1392 passeringar. 697 opp og 692 ned. Ut frå når folk har gått her, så er det tydeleg fleire passeringar i slutten av august og starten av september då det var ein periode med fint vær.


STIEN MOT BERGSETBREEN

Tal passeringar på stien inn mot Bergsetdalen var i alt 13071, med om lag like mange passeringar kvar veg (6500). Teljaren stod i nærleiken av grenseskiltet for nasjonalparken og registrerte ikkje dei som gjekk mot Tuftebreen. Ferdselsteljaren stod frå før snøen var smelta vekk, 25. mai til etter haustferievekene, 26. oktober.

2.5.2 Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging

Ved å undersøke dei registrerte tala kan ein til dømes finne kva vekedag det er mest besøk og kva tid på døgnet folk besøker den lokaliteten der teljaren er plassert. Kor mykje eit tiltak eller anna endring i nærleiken har på ferdselet i eit område kan ein finne ut ved å la ferdselsteljaren stå på same stad gjennom fleire år. Meir informasjon om tal besøkande kan ein sjølv sagt også få på andre måtar som å få tilgang til plassering av

mobiltelefonar og tilgang til appar som Strava og liknande. Informasjon frå dei ulike bomveg-laga vil også seie noko om kor mange som besøker eitt område.



Bla strek viser alle passeringar av teljaren, altså både inn og ut av dalføret. De svarte og grøne streken viser høvesvis tal passeringar inn og tal passeringar ut av nasjonalparken

3. Vedlegg

Utkvittert SNO-ressurs for Jostedalsbreen nasjonalpark (Tre Excel-ark)

Vedlegg: Innspill om ønsket SNO ressurs i verneområde

Verneområde/Tema	Forvaltningsmyndighet	Jostedalsbrean nasjonalparkstyre				Ansvarlig i SNO-L (dagsverk) *1)	Tidsbruk (dagsverk)	Gjennomført ja/nei	Kommentarer
		Prioritering	Beskrivelse av oppdrag og metode	Forankring i planverktøy	Rapportering (Verneområdeloge, Artsobs, Natstat),				
Vedlegg: Innspill om ønsket SNO ressurs i verneområde									
Oppsetjing av informasjonstavler på 8 innfallsporter i tråd med besøksstrategi	1	Oppsetjing av informasjonstavler.		Besøksstrategi	Verneområdelogg	Jostedalsbrean nasjonalparkstyre har svært mange innfallsporter som det skal setjast opp informasjonstavler på. Det hadde vore til stor hjelp og truleg ressursparande om SNO hadde mulighet for å vere med å setje opp tavler på noko av dei mindre innfallsportane.			
Tilsyn av stiar med betydelege tilretteleggingstilak. Lundeskaret, Skåla, Oldeskaret, Flatbrehytta samt buforevegar i Erdalen og Sunndalen.	2	Synfaringar for å vurdere tilstand og for å gje gjennomføre enkelt vedlikehald..	Tiltaksplan	Verneområdelogg	Stiar der det er investert mykle ressursar i tilrettelegging må erfaringmessig ettersjåast jamleg for å unngå store kostnader til reparasjon	Anne Rudsgen	0	Nei	Tilsyn med dei fleste stiane, og kontakt med informant om tilstanden på dei andre stiane
Skilting og sikring av einskilde punkt på stien til Kattanakkene	3	Synfaringar ved opstart og underveis i arbeidet	Besøksstrategi	Verneområdelogg		Anne Rudsgen	8	Delvis	Møte med lokale aktørar + innkjøp av sikringsutsystyr
Følgje opp arbeid med utbetring av følgjande stiar: Skålastien, sti til Haugafjellstolen, stien til Sogneskaret og stien til Flatsteinbu.	4	Synfaringar ved opstart og underveis i arbeidet	Tiltaksplan	Verneområdelogg	Det er enno usikkert kor mange av desse prosjekta som vert sett i gang, det avheng av tildeilingar og endelige prioriteringar.	Rune Holen	2	Delvis	Sluttsynfaring på Skålastien, oppstartsutfaring på Haugafjellstolen, delar av Sogneskaret-stien og oppstartsutfaring Flatsteinbu-stien fordi den starta opp i oktober
Oppfølging av skjøtselsplan.	5	Synfaringar ved opstart og underveis i arbeidet	Skjøtselsplan	Verneområdelogg	Klopplegging med bruk av leirk er eit prøveprosjekt der vi vil prøve ut ny metode og materiale i et område med utfordringar grunna svært varierande vassmengder gjennom sesongen.	Anne Rudsgen	6	Ja	Synfaring med repr for beiteaaringa. Materiale ikkje kom på plass ennå
						Anne Rudsgen	3	Igangsett	

Verneområde/Skjøtsel							
Kanaliseringstiltak for å skåne sårbar moren m.a. i Haugadalen og Tunsbergdalen.	1	Synfaringar for å vurdere tiltak i problemområde. Oppsetting av stengsel, tydeleggjering av trasé og revetegning.	Tittaksplan	Verneområdelogg	Anne Rudsgen og Rune Holen	6 Delvis	Arbeidet på stien mot Haugadalen er igangsett. Stien mot Tunsbergdalen ikkje besøkt
Oppfølging av skjøtselsplan. Utbetring av punkt på drifteveg og oppføring av gjerde ved Storesætra i Erdalen	2	Synfaring ved oppstart og ved avslutting	Skjøtselsplan	Verneområdelogg	Skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen blir først ferdigstilt i løpet av våren 2022, men det er allereie peikt ut noko tiltak som bør gjennomførast i 2022. Det	Anne Rudsgen	Synfaring med repr for beiteanæringa og avklaring om kva som bør gjerast
Oppfølging av skjøtselsplan. Utsiktsrydding i Erdalen - før Storesætra.	3	Synfaring ved oppstart og ved avslutting	Skjøtselsplan	Verneområdelogg	Skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen blir først ferdigstilt i løpet av våren 2022, men det er allereie peikt ut noko tiltak som bør gjennomførast i 2022.	Anne Rudsgen	Synfaring med repr for beiteanæringa og avklaring om kva som bør gjerast
Oppfølging av skjøtselsplan. Rydding av skog ved Huldefossen i Bodal.	4	Synfaring ved oppstart og ved avslutting	Skjøtselsplan	Verneområdelogg	Skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen blir først ferdigstilt i løpet av våren 2022, men det er allereie peikt ut noko tiltak som bør gjennomførast i 2022.	Anne Rudsgen	Grunneigar hadde ikkje høve til å utføre jobben, så SNO fekk oppdraget
Kartlegge gransprenging i Bergsetdalen	5	Registrering av grær inn i nasjonalparken			Anne Rudsgen	2 Ja	
Stort beiting ved utvalde inntfallsportar: Supphelledalen, Bøyabreen og Briksdalen	6	Synfaring av aktuelle lokalitetar før oppstart og etter avslutta beitesesong	Tittaksplan	Verneområdelogg	Anne Rudsgen	Blir truleg utført	Forvaltningsa sette ikkje i gang styrт beiting i år
Verneområde/Bevaringsmål					Anne Rudsgen	0 Nei	
Oppfølging av bevaringsmål framande artar - Gran i Sunndalen og Fosdalen	1	Synfaring for registrering av endringar på transekt og fjerning av eventuell gjenvekst av gran	Annet (beskriv)	NatStat	Anne Rudsgen	0 Ja	Feil. Bevaringsmål for gran er berre kvart andre år.
Oppfølging av bevaringsmål - sårbar vegetasjon på sårbare morenar i Austerdalen, Bergsetdalen og Bødalssæter	2	Synfaring for registrering av endringar på transekt.	Annet (beskriv)	NatStat	Anne Rudsgen	4 ja	Ok
Registriere raudlisteartar som blir observert.	3	Registre og rapportere raudlisteartar som vert observert i felt.	Annet (beskriv)	Artsobs	Anne Rudsgen	Ja	Ingen raudliste-arter observert, men heller ikkje leita etter

Verneområder/tilsyn og kontroll						
Halde oppsyn med verneforskrifta i Jostedalsbreen nasjonalpark.	1	Synfaringar i felt.	Annet (beskriv)	Verneområdelogg	Forankra i verneforskrifta	
Kontrollere om loyve/styrevetak vert følt i dispensasjonsaker	2	Synfaringar i felt.	Forvaltningsplा Verneområdelogg	Dispensasjonar/styrevetak	Anne Rudsengen	35 ja
Følge opp tiltak i hovedsak ved oppstart og slutt.	3	Synfaringar i felt ved oppstart og slutt av prosjekt.	Tiltaksplan	Verneområdelogg	Anne Rudsengen	6 ja
Ferdselstelling på same stader som i 2021.	4	Utsjetning av ferdelssteljarar på utvalde stader. oppsyn med desse gjennom året og innsamling og tolking av data etter sesongen.	Tiltaksplan	Verneområdelogg		
Registrere bygningar og andre konstruksjonar i nasjonalparken	5	Oppmåling, fotografering, kartfesting og innlegging i verneområdeloggen	Forvaltningsplा Verneområdelogg		Anne Rudsengen	10 ja
*) Samla dagverk brukt i Jostedalsbreen nasjonalpark av SNO i 2022 er 117 dagar i felt. Fleire av oppdraga skjer i ein kombinasjon. I oversikta er dei fleste dagverka lagt til "Tilsyn og kontroll" siden vi alltid har det med oss. Det er også utført oppdrag og arbeid som ikkje kjem fram av lista.						



Utsikt mot Tystigbreen frå Sætrehyrna. Nasjonalparkgrensa går i overkanten av brearmen på bildet. Resten av breplatået ligg utanfor nasjonalparken



Utsikt frå Gallen mot Kaldekari (til venstre) og Litlenova



Morgenstemning ved Skålatarenet 7.september



Nasjonalparkforvaltar Tor Arne mot Svartebotnen med utsikt mot Snønipa og Myklebustbreen



Nasjonalparkforvaltar Marthe deler kunnskap om breen på 30-årsjubilemarkeringa



Styreleiaren klar til bretur på Nigardsbreen i samband med 30-års markeringa for nasjonalparken

Statens naturopsyn

Telefon: 73 58 05 00

E-post: post@miljodir.no | **Nett:** www.miljodirektoratet.no

Post: Postboks 5672 Torgarden, 7485 Trondheim

Besøksadresse: Brattørkaia 15, 7010 Trondheim

Miljødirektoratet er eit statleg forvaltningsorgan underlagt Klima- og miljødepartementet. Statens naturopsyn (SNO) er Miljødirektoratets feltpersonell.

SNO varetek nasjonale miljøverdiar og førebygger miljøkriminalitet. Oppgåver spenner frå kontroll og overvaking, til skjøtsel i verneområde, tilrettelegging i viktige natur- og kulturminneområde, informasjon og formidling.

SNO har òg mange oppgåver knytt til store rovdyr, både registrering av bestander, dokumentasjon av skader på husdyr og tamrein, og uttak av dyr det er gitt fellingsløyve på. Leiinga i SNO sitt i Trondheim, og vi har kring 60 lokalkontor spreidd over heile landet.